



VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Landbruksdepartementet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

TVEANN - 15/1878

Arkiv:

V45

Vår dato:

27.04.2015

Høring - NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhold - bærekraftig utvikling eller styrt avvikling

Vedlagt følger utskrift frå møte i Vang kommunestyre.

Med helsing

Anne Kari T. Søndrol
Anne Kari Tveit Søndrol

Saksbehandlar/sekretær

Dir. tlf.: 61369410

E-mail: anne-kari.sondrol@vang.kommune.no

Side 1 av 3

SAKSFRAMLEGG UTVALGSSAK

Behandla av	Møtedato	Saksnr.	Saksansvarleg
Kommunestyret	22.04.2015	020/15	STRARN

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
15/162	15/1566	V45	Arne Straum

Vedlegg:

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
08.04.2015	Ordføreroppøp.pdf	79693

Høyring – NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhald – berekraftig utvikling eller styrt avvikling?

Saksopplysninger:

I 2013 vart det sett ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå pelsdyrnæringa. Føremålet med utvalsarbeidet var å bidra til «forutsigbarhet» med omsyn til framtida for pelsdyrnæringa i Noreg.

Utvalet skulle utgreia både eit alternativ med berekraftig utvikling og eit alternativ med styrt avvikling. Måndag 15. september 2014 la utvalet fram utredninga. Den vart sendt ut på høyring 23.01.2015 med svarfrist 27.04.2015. Høyringsnotatet kan ein finna ved å klikka på linken nedanfor:

[Høring - NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhold - bærekraftig utvikling eller styrt avvikling?](#)

Ordførarane i Valdres har sendt eit eige oppøp til støtte for pelsdyrnæringa (sjå vedlegg).

Vurdering:

Eit lønsamt landbruk er eit landbruk som sørgjer for busetnad i distrikta. Vang er avhengig av lønsemd i landbruksnæringa dersom kommunen skal kunna tilby dei kommunale tenestane som innbyggjarane er avhengige av.

Dei fleste gardbruka i Vang er etter måten små i landsmålestokk. For Vang har difor pelsdyrnæringa hatt mykje og sei sidan 1930-talet både som attåtnæring for mange gardbrukarar og som hovudnæring for ein del. Tilskotsordninga «Produksjosntillegg i jordbruket» viser at tal på revetisper var på topp i Vang i åra 1986 – 1989. Likningskontoret opplyste det året at inntekta frå pelsdyrnæringa hadde meir å sei for økonomien i Vang enn inntekta frå mjølkeproduksjonen.

I 1988 hadde Vang like mange revetisper som dei andre kommunane i Valdres til saman. Mink har hatt mindre å sei for næringa enn rev. Sjølv om talet på pelsdyrgardar har gått mykje ned i Vang dei siste 10 -15 åra, har næringa framleis mykje å sei økonomisk for dei som driv.

Noreg har eit av verda sitt strengaste regelverk for dyrevelferd og regelverket har krevd store endringar for å betra dyrevelferda i pelsdyrgardane. Pelsdyrnæringa er dessutan det husdyrhaldet som oftast vert kontrollert av Mattilsynet. Dei aller fleste av desse kontrollane vert ikkje varsla.

Det regjeringsoppnemnde pelsdyrutvalet har registrert ei betring av tilhøva på norske pelsdyrgardar dei siste åra og eit fleirtal på fem av medlemmene går inn for berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa. Utvalet meiner ma. at velferden for pelsdyr vil vera ivareteke dersom regelverket vert etterlevd og dei føreslegne tiltaka som er knytta til dyrevelferd vert fulgt opp innan rimeleg tid. Utvalet meiner også at den norske pelsdyrnæringa er under gjeldande rammevilkår ei lønsam og internasjonalt konkurransedyktig næring. Men samstundes er næringa omstridt. Nokre land har heilt eller delvis avvikla pelsdyrhaldet eller er i gang med prosessar for dette.

Eit mindretal på tre av utvalet går inn for styrt avvikling. Dei meiner det er stor usikkerheit knytta til om reven og minken sitt behov for rørslefridom og anna atypisk framferd kan verta tífredsstilt i nettingbur på små areal. Desse medlemmene ser det også som lite sansynleg at gjentekne påpeikingar av behovet for nye driftsformer vil verta løyst gjennom forskning i nær framtid. Eit medlem yngste ikkje å gie tilråding om alternativa for pelsdyrnæringa.

Framlegg til vedtak:

Det er viktig for Vang kommune å ha eit sikkert næringsgrunnlag og lønsemd i landbruket og kommunen ber regjeringa sørgja for ei berekraftig framtid for pelsdyrnæringa.

Saka vart behandla i Kommunestyret 22.04.2015

KS-020/15 Vedtak:

Vedteke med 15 mot 1 røyst